

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kjerringøy.

Emne: Helsing, fakter og åtferd.

Bygdelag: Os.

Oppskr. av: E. Tidemann.

Gard: Stranda.

(adresse): Kjerringøy.

G.nr. 46 Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Mest av eiga røynsle.**

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Eg er født i Bjarang i Meløy, Helgeland, den 25/3-1883.

SVAR

Helsinga vert gjort på ymse måtar og rettar seg etter om det er kar eller kvinne, ung eller gamal, om det er ein god ven eller berre ein kjenning, om fråværet har vere lenge eller kort.

1. Skal ei uttrykkje-ja- berre ved ei rørsle vert det helst gjort ved at personen dreg augnelokka noko saman og nikkar eit par gonger med hovudet. Det kan og bli gjort ved at personen slår ut med høgre handa og bøy er hovudet noko framover. N e i vert uttrykt anten ved å riste noko på hovudet eller ved å dra på høgre aksla og samstundes med gjera eit større eller mindre grin og knipe att høgre auge. På den måten syner ein uviljen mot det som vert sagt eller gjort.

2. Dersom to møtast på ein einsleg veg helsar dei om dei er framande og ukjende for kvarandre. Men er møtet på almannavegen går dei fram om kvarandre utan å helsa.

3. Noken regel for kven som skulle helsa først har det ikkje vere. Den helsa som hadde størst hug til å frega nytt. Var det ein framand som var komen til bygda eller grenda, helsa han først om han ville ha ei eller anna opplysning. Brydde han seg ikkje om det helsa bygdemannen for han ville frega nytt utanfrå.

4. Var det bygdemannen som helsa sa han oftast: Go dagen. Kor er den mannen frå, eller: kor hør den mannen heime, eller: Eg er ikkje så heldi at eg kjenner den mannen. Var det ein mann og ei kvinne som råkast og dei var ukjende for kvarandre helsa mannen berre med eit: Goddag. Var det ein vaksen og ein unge frå grenda, bygda, så var det den unge som skulle helsa. Dersom den vaksne vil le slå av ein prat stoppa han opp og tok til å røda med den unge. Men ungdomen måtte ikkje ~~støse~~ støse den eldre, om han då ikkje hadde eit særst ørend til honom.

5. Eg har ikkje kjenskap til at noken i mi tid stod med hatten under armen når presten eller ein ambetsmann gjekk framom. Men mi farner fortalde at då ho var ungdom, og det skulle vera slik ikring 1840, stod ålmugen langs med vegen med hatten under armen når presten gjekk embetskledd til kyrkja. Kva tid skikken døydde ut kan eg ikkje gjera greide for. Andre ambetsmenn enn presten har ikkje budd i dei grender eller bygder eg har vere fastbuande.

Var det to slektningar som råkast helsa dei med å ta kvarandre i handa og takka for seinast utan å ta hatten av

6. Det å halda hatten **I** med b e hendene eller halda huva under under armen har ikkje vore skikk her i Nordland, det eg veit.
7. Den som var i kvardagsklede n r ein framand kom heldt seg meir i bakgrunnen. Men det kunne vera skilnad p  tilh vet. Kom den framande uventa var det ingen skilnad hj  den som tok imot, anten han var helgekledd eller ikkje.
8. D  eg var gutunge var det skikk og bruk at alle barna skulle handhelse p  far og mor f rste juledags morgon n r vi kom inn i stua fr  sengromet og seia: Go morn, gledelig jul. No er den skikken d ydd ut. Kom ein av  tta p  gjesting vart det handhelsa p  alle b de store og sm , ja, kanskje ikkje minst p  minstebarnet. Men kom ein berre i eit vanleg  rend var det sjeldan det varthandhelsa, og om s  var, var det berre p  husfaren og husmora.
9. Det   klappe kvarandre p  oksla har ikkje vore nokon skikk, men det kunne kanskje henda av og til, helst n r ein ville tigge seg til ein f remon eller ei tenest. Det har vore sett p  som ei slags tigging.
10. Det   helse p  kyrkjekl kka har ikkje vore skikk her i Nordland. I mi tid har eg sett det berre ein einaste gong, og d  var det ein bisp som gjorde det, til stor undring f r kyrkjelyden.
11. Her i Nordland har vegen til kyrkja f r det meste vore sj vegen. Ofte st r kyrkja ute p  ei  y, og om kyrkja stod p  fastlandet var dette veglaust s  skulle nokon til ~~XXX~~ Guds Hus m tte dei i b t. Under slike tilh ve er det ikkje lett   syna medkjensla om ei likferd eller eit brurefylgje drog framom. Her er difor ikkje nokon skikk mellom folket som g r ut p    helse ei likferd eller eit brurefylgje.
12. Eg har ikkje kjennskap til at det var skikk og bruk   helse p  visse ting eller dyr. Ei  nner sak er det at det har vore skikk   f  f rstereisguten til   gjera "sk rstykke". Men det  nnet ligg ikkje under denne oppg va.
13. I tida fr   bit til frukost vart det helse gomorn. Mellom frukost og nonen vart det helse "goddag", og fr  nonen og utover vart det helse "gokveld". Alle desse helsingar g ldt n r ein kom. N r ein gjekk helse han "far vell" eller "gonatt" n r det leid ut mot kvelasmattider. Ein og annan som ville syne god folkskikk helse "goaften" i staden f r "gokveld".
14. Ein tek det ikkje netopp us meleg om ^{han/} som kjem helsar gomorn, men noko sn bbut. Det kan brigde noko anten ein m ttast ute eller om ein framand kjem inn i huset. Ute er tenen meir fri og ein kan leggje f r dagen ein noko lysare tone enn om ein kjen inn i heimehuset. D  er ein meir bunde av skikk og bruk, ein m  syne folkskikk. Noko visst svar har vi ikkje til han som helsar "morn" eller "morn, morn" midt p  gagen.
16. Skikken   helse med "morn" eller "gomorn" heile dagen utover er kome inn i dei seinare  ra. Er skikken kome fr  Amerika? Mange helsar "morning" n r ein kjem og "morn da" n r han g r, om m tet er ute.
17. I barndomen min var det skikk og bruk at ein som kom inn i stua helse: "Guds fred" eller: "Guds fr  i stua" eller: "Fred p  huset". Husfaren, eller husmora om husfaren var ute, svara: "Fred va m  de," Sume helse n r dei gjekk: "V r Herre va ~~hoss~~ d kk." Dei som var att svara: "Den saam va m  deg." Sume bruka vendinga: "Gud va i huset."

Dei som var att svara: "Gud va me de". Kom ein fram til einkvan som arbeidde heksa han: "Go dag, å signe arbeide." Eller var det ein nær granna som kom helsa han berre med: "Signe arbeidet," eller: "Signe stræve." Dersom arbeidararne sat på arbeidsplassen og inkje noko gjorde helsa han som kom: "Signe kvilo." Det gjorde ho Jonnetta siste sumaren ho kom framom ein arbeidsjenge som i frukosttida sat og kvilde, rulla russ og røykte. Ho helsa noko spitande: "Signe kvila,". Veggen hennar austover var lang og ærenda hennar mange så ho kom att i nonstida. Då sat same arbeidararne på same plassen, rulla russ og røykte. "Dekk kvil lenge," seier Jonnetta heller spist. "Ja, er det før mykje?" flirer ein av arbeidararne. "Nei, berre røva held," svara ho som gjekk. Sat eit lag og svalla i godveret og noken kom helsa den komande: "Signe laget." Kom einkvan inn medan husfolket åt la han til atåt den vanlege helsinga: "Signe spisen," eller: "Velbekomme spisen," eller: "Velsigne spisen" eller: "Velsigne maten." I den seinare tid er denne helsinga korta noko av så no heiter det mest: "Signe maten," eller: "Signe spisen."

19. Tok verten i huset mot ein gjest utanfor huset og dei gj gjekk saman inn i ei ~~stue~~ folketom stue helsa gjesten gjerne: "Godag på stua," eller: "Guds fred i huset."

20. Kom ein som ville snakke med husfaren i einrom, sa han gjerne etter å ha prata om ver og vind og bygdenytt: "Eg skulle ha snakka med deg under fire auga," eller som skelpen sa: "Eg skulle ha snakka med deg under tre auga," Husfaren var einøygd.

21. Før i tida var det berre "sterkarran" som banka på døra før dei gjekk inn. No er det vanleg skikk. Dei som var inne svara: "Kom inn," eller berre: "Kom." No er det ofte å høyra at dei som er inne svara: "JA." Korleis han skulle te seg som kom, kom mykje ann på kven det var som kom. Var det presten måtte han te seg som ein Guds mann. Var det klekkaren måtte han koma med si mest overlegne klekkarmine. Den komande hadde huva eller hatten i handa eller tok av hovudet straks han kom inn om døra. Var det ein gjest som var beden, hengde han huva eller hatten i gangen. Den komande vart ved døra til det var sett fram ein stol med ord frå husfolket: "Vers go sett deg." Vart han ståande ved døra og det var ein god kjenning vart det skjentsamt sagt: "Du må vers go sett deg, for du er vel ikkje ute for å fri."

26. Det var sjølv sagt ster skilnød på kven som kom, anten det var ein ung eller gamal, ein nær ~~frænn~~ kjennding eller ein langvegs farande framann. Den langvegs farande, eller heilt framande banka på døra og kom stilfarande inn gjennom døra og helsa eit vyrdeleg: "Godag," eller: "Gokveld," eller: "Gomorn," og vart ståande ved døra til det var sett fram stel til han med oppmøding om at han måtte sette seg. Det å turke av stolen som vart sett fram har aldri vere bruka i Nordland, det eg veit. Trengte ein stol ein ongang vart han turka før personen kom inn.

29. Innbedne gjester vart særleg vensamt mottekne. Dei vart mottekne anten ute på tunet eller inne i gangen. Kvar einskils gjest vart teken i handa og ynskja ~~vær~~ velkomen anten berre av husfaren eller husfaren og husmora i lag. Både gjestene og vertsfolket fylgdest inn i gjesteromet.

30. Når ein eller annan har vere på vitjing og han gjekk sa han helst "farvel" eller "Ver Herre va hess dekk

På farvel vart det svara farvel. På helsinga Vår Herre va hess dekk vart det svara: Den same va med deg. I dei seinare åra har mange teke til med å seia: Ad Diiuu. På det vert det svara ~~XXXXXXXX~~ adieu. Sume sa og når dei gjekk: Fred på huset. På det vart det svara: Fred va med deg. Skulle nokon ut på langferd tok han husfaren og husmora i handa og helsa farvel.

32. Det har ikkje vere skikk at vaksne personer kyste kvarandre til farvel eller godag. Men skulle mannen til Lofoten eller Finnmark kunne det nok henda at minsteguten fekk ein smellkys til farvel eller kona ein klem i aaustdøra med det same mannen skuva av. Men det har aldri vere skikk mellom mennene å kyssa kvarandre. Men at ein gut kunne gje ei gjenta munn når det høve seg slik det kunne nok henda, og hender vel den dag idag. Men eg trur at alt som hørde med til erotikken vart det eksperimentera med i det skjulte. Det var ofte at ordet munn vart bruka i staden for kyss, men kyss var det mest vanlege.

35. Å kyssa på handa har ikkje vere skikk i dei bygdene eg er kjend. Men vi har neke vi nemner "slengkyss". Ein kysser på si eiga hand og gjer ein sleng med handa som om ein kastar neke mot ein viss person.

37. Eg har ikkje kjenskap til at nokon kyste seg sjølv for på den måten å gjeva uttrykk for eiga glede.

39. Dersom mora leika seg med minstebarnet kunne det nok av og til henda at ho drog barneandletet inn mot sitt eige og gnudde nasen sin mot barneandletet. Då kunne det nok av og til henda at mora bruka uttrykket: byte nase

40. Det var mora som helst stelte barnet og ho som leika seg med det. Eg har såleis ikkje sett andre enn mora som har BYTA NASE med barnet.

41. Under leiken med barnet vart det ofte bruka det å narre barnet til å tru at ein tok nasen til barnet ved å knipe barnenasen mellom peike- og langfingeren og så attpå synne fram stubben ved å sette tommeltotten mellom dei to fingrane sine. No ska eg ta nasen din, sa den vaksne og kneip barnenasen mellom dei to fingrane. Sume tider kunne ein få barnet til å tru at stubben var keleg sat mellom dei to fingrane, og barnet måtte så med den lubne handa si kjenne etter om nasen sat på plass eller ~~ikke~~ ikkje. Då hadde den vaksne fått løn for leiken. No ska eg ta nasen din, vart det oftast sagt.

42. Det å leggja kjake mot kjake er eit vanleg kjarteikn opp etter Nordland. Finns ikkje den skikken i andre land og? Skikken bert praktisera ikkje berre mellom foreldre og barn, men kanskje meir mellom gut og gjente. Eg fekk godkjake hess henne eller han. Dei GODKJAKA så det skulle vere uråd og fått berakniven mellom nasane, er eit mål på intensiteten.

44. Skulle ein ut på ferd vart det ynskja han "løkka på ferda," eller "løkkeli reis". Var ferda heller stutt vart det sagt "god tur," eller "løkka me deg." Var det så at den eine truga med å dra frå den andre, var det sagt: "Ja, løkk på reisa," med all den hån ein kunne leggja i uttrykket, eller "ja, reis din veg." Men var dei retteleg uvener så heitte det: "Ja, hut ein veg," eller: "Berre hut ein veg," eller: "Snask ein veg." Mannen førde klagemål på kjerringa si i retten: "Om dagen var ho blid og smøkjjen, men om natta ho både huta og snaska meg." Kjerringa vart dømd.

45. Då eg vaks opp heitte det: "~~XXXXXX~~ Glædeli jul." No i dei seinare åra heiter det: "God Jul". Det omskiftet kom i 1920 åra og utover. Til nyttår har det allstøtt heitt: "Godt nyttår," eller: "Løkka med nyåret," såleis som det og heiter "løkka med jula". Til dei andre høg tidene var i min oppvekst ikkje neke ynskje. I dei seinare åra har folk tatt til å ynskje "god pinse," "god påske," eller "Løkka med høgtida." Ved barnefødsel, barneåp, konfirmasjon, truleving og brudlaup vert det mest allstøtt nytta ordet "gratuler". Ved barnefødsel er utvalet størst, t.d. "Gratuler med litbanet, litglunten, litjente, nykomaren, pøyken, vækje, halskaren, skottglunten prinsens, prinsessa og trenarvingen om det var den første. Ved dei andre høva var det meir einfelt å heitte det endåframt: gratuler med konfirmasjonen, trulevinga eller brudlaupet eller med "væl overstått".

46. Så langt att i tida eg kan minnest har det ikkje vere skikk å bera fram ynskje av neke slag ved dødsfall eller annan motgang. Kan hende kom det av at i barneheimen-og-grenda sat religionen i høgsetet. Religionen skulle bringe trøysta i motgangen. Eg minnest såleis frå barndømen eg kom inn i grannegarden, kona var nettopp død. Enke-mannen møtte meg med desse orda: "Det bør oss alle ein gang å dø, og der etter dømmen." Kven kunne seia neke i eit slikt høve! I dei seinare åra er det komen inn skikken frå byen å kondolere. Kva det tyr, og kva det skal gjera godt for veit eg ikkje..

47. Hadde ein tatt mot neke stort eller mykje så takka han opp i handa. Mottakaren tok gjevaren i handa og sa takk, eller mykje takk, tusen takk eller stor takk, eller mange takk. Var det berre neke mindre som var mottatt vart det takka utan handslag. Var det ei tenest som var mottatt heitte det: Takk for tenesta, takk for hjelpa eller: Du får no ha så mangen takk til så lenge. Til så lenge vi seia til eg kan gjera attergjeld.

48. Skikken å takke ut har eg ikkje kjenskap til.

49. Skulle ein gjeva uttrykk for vanvyrnaden sin mot ein annan berre ved fakter vart det gjort ved at mannen snudde ryggen til vedkomande og klappa seg på sin betre bakpart. Var det ei kvinna som fekk treng til å syna vanvyrnaden mot ein annan gjorde ho det ved å snu ryggen til og lette urlite på stakken, men var ho arg letta ho stakken heilt opp under armane så og synte fram underbuksa. No var jo desse i gamle dagar neke luftige så var ho retteleg storsinna så drog ho bukseklaffane til side og synte fram blanke massingen. Men dette var eit syn som i minste eit kvart mannfolk, ja, til og med den verste bjørnerakken måtte røma for.

50. Av dei personlege pronomana vert du, din, ditt og dine bruka til dei personar vi dagleg går saman med. De, Dem og Deres vert bruka til framande og ukjende. Men i min barndom bruka vi ungar til farmer og farfar og ellers til gamle og til framande I, Jer, Jers, Ørr og Ørs. No høyrer eg alæri desse pronomana bruka.

51. Han eller ho vert alæri bruka i staden for du eller deg, iminste ikkje det eg veit.

Kjerringøy anno domini 1953 i januar.

E. Tidmann